

KONTROLLUTVALET I STRANDA KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato 09.10. 2014 kl. 16.05
Møtestad: Formannskapsalen

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles til stades: Svein Kvaløy, Magnar Furset og Hildegunn Brune

= **4 voterande**

Randi Strand Overaa og Eva Rinde Habostad hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Svein Ove Otterlei.

Frå Stranda Kommune møtte ordførar Jan Ove Tryggestad, rådmann Per Ivar Lied forlet møtet under sak 17/14 og økonomisjef Ståle Anker Ljøen var tilstades under heile møtet.

Det vart meldt inn tre ekstrasaker.

SAK 16/14

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 13. JUNI 2014

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 13. juni 2014 blir godkjent.

SAK 17/14

ORIENTERING OM BUDSJETTSITUASJONEN 2014

Økonomisjef Ljøen orienterte. Stranda kommune går mot mindreforbruk (overskot) i 2014.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 18/14

ENGASJEMENTSBREV FRÅ REVISOR SAMT STATUS FOR REVISJONSARBEIDET

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet.datert 01.10.2014

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 19/14

VEDKOMANDE BUDSJETT 2015 – STRANDA KONTROLLUTV

Saksdokument datert 01.10.2014 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

Kontrollutvalet sitt budsjett til kurs- og reiseaktivitet blir sett til 40.000 kroner

SAK 20/14

ORIENTERING OM BESTILLING FRÅ KOMMUNESTYRET OM GRANSKING AV INNKJØP AV ADVOKATTENESTER

Saksdokumentet datert 01.10.2014 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 21/14

PROSJEKTSKISSE FORVALTNINGSREVISJON AV STRANDA HAMNEVESEN KF

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 01.10.2014.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Prosjektskisse av 08.08.2014 blir godkjent og det blir oppmoda om ferdigstilling av forvaltningsrevisjonsrapport i juni 2015.

SAK 22/14**OPPFØLGING AV SAK 03/14 OM GEBYR FOR VATN OG AVLØP 2014 I STRANDA KOMMUNE (Saka kom opp under eventuelt)**

I ovannemnde sak gjorde kontrollutvalet slikt samrøystes vedtak:

- 1. Med bakgrunn i spørsmål som er reist i tilknytning til gebyra for 2014 vil kontrollutvalet tilrå at kommunestyret etter tilråding frå fagutval og formannskap fastset tilleggskrav om saksopplysningar ved fastsetting av kommunale gebyr.*
- 2. I tillegg til krava gitt i gjeldane forskrift for kommunale gebyr, blir det tilrådd at tabellane skal 1) spesifisere årsgebyra i fast- og forbruksgebyr, 2) ha kolonne for samanlikningstal for prosentendring i gebyra, 3) gi opplysning om endring av kategorifaktor og 4) vise samanlikningstal frå året før.*
- 3. Administrativ fastsetting av vassmålargebyr, tilknytingsgebyr og refusjonar er ikkje i samsvar med gjeldande forskrift 01.09.05 for Stranda kommune. Gebyr som kjem innunder gebyrregulativet skal fastsetast av kommunestyret.*
- 4. Kontrollutvalet føreset at forskrift for vass- og avløpsgebyr med tilleggskrav fastsett av kommunestyret blir følgt opp frå og med 2015.*

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet etterlyser rådmannens oppfølging av saka.

SAK 23/14**OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK – RUTINAR FOR INFORMASJON TIL KOMMUNESTYRET OM GJENNOMFØRING AV POLITISKE VEDTAK SAK 07/14 (Saka kom opp under eventuelt)**

I ovannemnde sak gjorde kontrollutvalet slikt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet viser til tidlegare praksis på området og oppmodar rådmannen å etablere eit system for dokumentasjon og informasjon når det gjeld oppfølging av kommunestyrevedtak.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet etterlyser rådmannens oppfølging av saka.

SAK 24/14

VASSPRAT – DOKUMENT FRÅ MAGNAR FURSET

(Saka kom opp under eventuelt)

Saka vart ikkje behandla ettersom kommunestyret har behandla temaet.

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

Magnar Furset
medlem
(sign.)

Svein Kvaløy
medlem
(sign.)

Hildegunn Brune
varamedlem
(sign.)